

Rapport frå kunstnargruppa HAUK, saksnr. 2016/578.



Frå utstillinga «Impulsar og Refleksjonar» i Halsnøy Kloster 9.-30.april 2017.

Kunstnargruppa HAUK søkte om kr. 50 000 frå HFK, og mottok kr. 17 000 frå HFK som resultat av den søknaden. Prosjektet måtte difor til ein viss grad tilpassa seg realøkonomien.

Kunstnargruppa HAUK har i perioden hatt følgjande aktivitet:

- 1) 17.-19.feb. 2017 – HAUKhelg i Messen i Ålvik (alle 4)
- 2) 9. og 30.mars – 2/4 av HAUK har trykkesdaggar på Slåtthaug vgs.(Anneli og Silje)
- 3) 7.-8.april 2017 – montering av utstilling i Halsnøy Kloster (alle 4)
- 4) 9.april 2017 – opning av utstillinga «Impulsar og refleksjonar» (alle 4)
- 5) 13.-14.nov. 2017 – 3/4 av HAUK i Messen i Ålvik (Wim, Anneli og Silje)
- 6) 18.-19.jan. 2018 - 3/4 av HAUK var på Foreningen Trykkeriet . Workshop på Foreningen Trykkeriet, eigentleg planlagd å finne stad hausten 2017, vart utsett til januar 2018 pga. me ikkje klarte å finne felles ledig tid som også var ledig på Trykkeriet. (Anneli, Silje og Wim)
- 7) 24.mars 2018 – 1/4 av HAUK var hjå Jan Terje Rafdal i Etne for å lære etseteknikkar på aluminium.(Ruth)



T.v. Wim og Ruth i samtale under workshopen i Kunstnarhuset Messen i Ålvik i Hardanger feb. 2017.



T.h. Ruth prøver ut eitt av sine linosnitt.

Dei kr. 17 000 som me fekk i stipend frå HFK vart nytta slik:

Kva	Kostnad dekkav stipend frå HFK
Til innkjøp av linoleumsplater, eitt sett trykkfargar (5 boksar), trykkemedium og papir til HAUK-helga i Kunstnarhuset Messen i Ålvik, Hardanger.	2000
Leige av trykkesal m/presse i Kunstnarhuset Messen i Ålvik, Hardanger. (for 2 dagar á kr. 250 i feb.2017)	500
Til delbetaling av innramming i forkant av utstillinga i Halsnøy Kloster. (kr. 1625x4)	6500
Til delbetaling av workshop på Foreningen Trykkeriet januar 2018 (kr. 2000x3)	6000
Til delbetaling av Ruth si opplæring hjå Jan Terje Rafdal (mars 2018)(kr. 2000x1)	2000
	17000

Utover dette har den enkelte dekkav egne kostnader:

- reise til workshop
- reise til montering og opning av utstillinga i Halsnøy Kloster
- overnatting i Kunstnarhuset Messen i Ålvik, Hardanger
- papir, linoleum og anna naudsynt kunstmateriell
- innramming utover kr. 1625
- delbetaling av workshop på Foreningen Trykkeriet (for underteikna var totalkostnaden kr. 4320, der kr. 2000 vart dekkav stipendet frå HFK).
- delbetaling for Ruth si opplæring hjå Jan Terje Rafdal.
- m.m.



T.v. nokre av Silje sine silketrykk frå workshopen på Trykkeriet.

T.h. nokre av Anneli sine handkolorete fotopolymer-trykk frå utstillinga i Halsnøy Kloster.

Kunstnargruppa HAUK takkar for stipendet og mogelegheitene det har gjeve oss til å arbeide saman. HAUK er i samtale med Aga-tunet i Hardanger om ein mogeleg utstilling der, men dette er i skrivande stund ikkje kontraktfesta. Kunstnargruppa HAUK er positiv, og ser fram til ei ny utstilling, gjerne på ein liten og rar visningsstad ute i distriktet.

Bergen 28.mars 2018

For kunstnargruppa HAUK

HALSNØY KLOSTER

UTSTILLINGSOPNING Kunstnargruppa **HAUK**

"Impulsar og refleksjonar"

Sundag 9. april, kl 17.00

Musikkinnslag ved André Eide
enkel kafé.

Utstillinga varer frå
9.april - 30.april 2017

hkl@sunnhordland.museum.no

SUNNHORDLAND
museum

tlf: 53476253/ 48130020

Plakat frå utstillinga i Halsnøy Kloster.